

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 27. september 2019 11:01  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 33/2019, 27. SEPTEMBER

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 33/2019, 27. SEPTEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.  
Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no). Send gjerne tips og kommentarar.  
Arkiv med tidlegare nyhendebrev:  
<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### STUDIEBAROMETERET 2019: STUDENTANE KAN SVARE I TIDA 22.10.-12.11.

Studiebarometeret for 2019 blir gjennomført månadsskiftet oktober - november. Opplegget blir i hovudsak likt med dei siste åra. Det er andreårsstudentar på bachelor og master som blir inviterte til å svare på spørsmål om studiekvardagen. [www.studiebarometeret.no](http://www.studiebarometeret.no)

### STUDIEKVALITET: STUDIUM TIL STIKKPRØVE

NOKUT skal i 2019-2020 ha tilsyn med studiekvalitetssystemet på Høgskulen i Volda. NOKUT har no foreslått kva studieprogram som skal ettergåast særskilt på Høgskulen i Volda. Dei aktuelle programma er bachelor i journalistikk (Avis/nett) og sosionom. Vidare er masterstudiet i Kulturmøte og PhD-en vi har som fellesgrad med Høgskolen i Molde. Høgskulen har fått ein kort frist til å kommentere framlegget til program.

### FRAMDRIFT FOR MEDIEHUSET

Statsbygg, entreprenør og HVO har vorte samde om dei siste detaljane i romplanen for nybygget. På fagspråket: Optimaliseringsfasen er gjennomført. Det er resultatet av mange runder med drøftingar og forhandlingar der tilsette på AMF, tillitsvalde, høgskuleleiinga, Statsbygg, entreprenøren og rådgjevarar har bidrege. Resultatet er eit kompromiss mellom overordna rammer for prosjektet, framdriftsplanen og ulike ønske om arbeidsplassar for studentar og tilsette. Vonleg vil løysingane ein har kome fram til fungere godt også i praksis for alle som skal bruke huset.

### FORSKINGSUTVALET: VIL TILDELE SÅKORN-MIDLAR PÅ NESTE MØTE

På komande møte i Forskingsutvalet vil det bli tildelt ca kr 470.000 i Såkornmidlar etter søknadsrunden i haust. Såkornmidlane skal først og fremst gå til utvikling av søknader om andre midlar. Det kom inn søknader på ca 1,5 mill, så det blir mange som ikkje får midlar. Ordninga med Små driftsmidlar til forskingsprosjekt har vorte overført til avdelingane og at det er opp til avdelingane å informere om dette og tildele midlar.  
Forskingsutvalets nettsider: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207560>

### HØGSKULEN HAR FÅTT OPPDRAG FOR MEDIETILSYNET

Avdeling for mediefag har inngått ein avtale om Innhaldsregistrering og analyse av norske nyhende- og aktualitetsmedia. Lars Julius Halvorsen og Paul Bjerke er høgskulens fagleg ansvarlege i prosjektet.  
[www.medietilsynet.no](http://www.medietilsynet.no)

### HVO HAR GJENNOMFØRT EVALUERING FOR HELSEDIREKTORATET

HVO, Avdeling for samfunnsfag har no gjennomført evaluering av "Nærmiljøprosjektet" på oppdag frå Helsedirektoratet. Dette har vore ei følgjeevaluering. HVO har publisert to undervegsrapportar i tillegg til sluttrapporten, og har elles bidratt i Nærmiljøprosjektet på konferansar og nettverkssamlingar m.m. Sluttrapporten frå prosjektet er her:

<https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2617619/Rapport%20nr%2095%20Sluttrapport%20revidert.pdf?sequence=5&isAllowed=y>

Resultat frå evalueringa er brukt mellom anna i Folkehelsemeldinga (kap. 5.1):

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/sec1>

### **LØNN TIL EKSTERNE: BRUK "BETALMEG"**

Det kan vere tid og arbeid spart om eksterne sensorar og andre brukar tenesta "Betalmeg" når dei krev honorar for oppdrag utført for Høgskulen i Volda. Spesielt for dei som vert brukt mange gonger. Her er meir informasjon om ordninga:

<https://dfo.no/kundesider/reiseregning/reiseregning-for-honorarmottakere>

Særskilt for eksterne sensorar så er også her nyttig informasjon:

<https://www.hivolda.no/informasjon-til-eksterne>

### **LEIINGA INN I DOBBELKONTOR I 3. ETASJE, BK**

Høgskuleleiinga har gått over til dobbelkontor. Først ute var studiedirektør Gonnie Smit som fekk inn Ragnhild Paulsen på studiedirektørens kontor. Denne veka har prorektor Odd Helge Tonheim fått kontor plass i lag med rektor Johann Roppen. Frå 1. desember vil økonomidirektør Ingunn Welle flytte inn på kontor i lag med høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen.

### **ØYSTEIN MÅRSTØL NY DRIFTSSJEF**

Øystein Mårstøl vil frå 1. desember ta til i stilling som driftssjef ved Høgskulen i Volda. Mårstøl kjem frå stilling i Ørsta kommune.

### **JULEBORDET BLIR TORSDAG 12. DESEMBER**

Avdeling for kulturfag arrangerer årets julebord og no er datoen fastsett til torsdag 12. desember. Informasjon om påmelding og meir kjem seinare.

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø. <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/forskingsdagane-2019-miljo-som-tema>

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 6/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen, Ålesund.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

### **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

